



Invitasjon til heildagskurs i drama/teater for lærarar!

Hordaland fylkeskommune, Den kulturelle skolesekken, Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga og kursregionane samarbeider om tilrettelegging av regionale kurs for lærarar for skuleåret 2008/2009. Kursa er utvikla og lagt til rette for å vere tilpassa lærarplanverket - Kunnskapsløftet.

I samband med kompetanseplan på formidling/norskfaget:

Drama/teaterkurs: "Frå idé til framsyning, korleis utvikle teater utan ferdigskrive manus? Korleis dra nytte av arbeid med drama i norsk og andre fag?"

**Kurshaldarar frå Vestlandske Teatersenter.
Målgruppa for kurset er lærarar i 1. til 7. klasse.
Heildagskurs, 6 timar.
Maksimum 30 deltakarar pr. kursdag.**

Stad: Kultursalen i Fjell rådhus, Straume
Tid: Fredag 27. mars kl. 9 – 15
Påmelding: På e-post til Lena Fjeldstad, Lena.Fjeldstad@fjell.kommune.no
Frist: 16.mars

Kort omtale av kurset:

- Kurset set fokus på det å skape teater med utgangspunkt i ein idé, kort tekst eller eventyr, men utan manus.
- Kurshaldarane vil syne til forteljarteknikkar som kan bidra til å utvikle forteljarevna og skriveevna.
- Om å nytte drama i norskundervisninga og som element i lesestimulering.
- Kurset omhandlar òg korleis ein kan integrere teaterarbeid med andre fag i skulen.

Mykje av kurset er lagt opp med praktisk arbeid og øvingar for deltakarane. Deltakarane arbeider i løpet av dagen med korleis ein kan lage ei lita framsyning, med utgangspunkt i ulike startpunkt/idear. Med inspirasjon frå kursleiarane arbeider deltakarane i grupper med korleis idear kan setjast saman, og på kva vis ein kan integrere dette i ulike fag på skulen.

Deltakarane får utdelt lærarorientering som del av kurset. Materiellet er praktisk orientert og gjev gode undervisningsreiskap for lærarane.

Hugs ledige klede kursdagen!

Utgifter til kurshaldarar vert finansiert gjennom samarbeidet mellom Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga og Hordaland fylkeskommune, Den kulturelle skolesekken.

Kommunane som skuleeigarar er bedne om å dekkje reise, diett og opphald for kursdeltakarane. Me ser på desse kursa som ein del av Kunnskapsløftet og implementering av nye læreplanar, og kursa kan difor gå inn som ein del av kommunale strategiplanar for kompetanseutvikling.

Kontaktperson Den kulturelle skolesekken i Hordaland: Arnulf Henriksen

Arnulf.Henriksen@post.hfk.no eller dks@post.hfk.no Tlf: 55 23 99 81

Kontaktperson, Ytre Midthordland kursregion: Lena Fjellstad

Lena.Fjeldstad@fjell.kommune.no Tlf: 56 32 64 00